

adresseliste

Region Midt-Norge
Trekanten

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Telefon: 72 89 65 50
Telefaks: 72 89 65 51
E-post: rm@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: **17 FEB. 2010**

Vår ref.: NVE 200707947-5 ki/elha

Arkiv: 312 /042.11Z

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ellen Lian Halten

72 89 65 60

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Akslandselva kraftverk AS – Søknad om løyve til Akslandselva kraftverk i Etne kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Akslandselva kraftverk AS, 2.2.20.10, om løyve til å bygge Akslandselva kraftverk i Etne kommune.

Prosjektet har to utbyggingsalternativ. Hovudalternativet til kraftverket vil ha ei yting på 2,1MW og gje ein produksjon på cirka 7,5 GWh, noko som tilsvarar straumforbruket til om lag 375 husstandar.

Uansett utbyggingsalternativ vil Akslandselva kraftverk nytte eit fall på om lag 325 meter i Akslandselva og inntaket vil verte på kote 340. For hovudalternativet skal bekkane frå Buhillersvatnet og Lauvikvatnet overførast og inntaka vil verte plassert høvesvis på kote 360 og 385. I det andre utbyggingsalternativet skal ikkje bekken frå Buhillersvatnet overførast.

Vatnet vert ført gjennom nedgravne røyr på 1270 m ned til kraftstasjonen på kote 15. Det vil bli bygd ein 1050 meter lang permanent veg mellom inntaket og eksisterande skogsbilveg. Kraftverket vil verte knytt til eksisterande 22 kV linje med jordkabel i same grøft som røyrgrata.

Det er planlagt å sleppe heilårleg minstevassføring tilsvarande omlag alminneleg lågvassføring.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Akslandselva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Sunnhordland Kraftlag AS v/Sture Karlsen på tlf. 53 49 60 64 eller e-post: sture.karlsen@skl.as

NVE ber Etne kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på tinghuset på Etnesjøen og to eksemplar på biblioteket til Skånevik skule fram til **15.5.2010**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.



NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan 15.5.2010. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Kari Øvrelid
regionsjef

Ellen Lian Halten
avdelingsingeniør

Vedlegg Kunngjeringstekst
 Orientering til høyringspartane
 Adresseliste